



Referat frå elevrådsmøte for 5-7, tysdag 27.09.22

Desse møtte: Frøya Smådal-Gjertsen (5A), Lisa N. Lending (5A), Netsereab M. Habteyes (5B), Isabel J. Fauske (5B), Nora T. Leikanger (6A), Elias S. Espedal (6A), Kristoffer H. Fitje (6B), Anna Belinda T. Areklett (6B), Emily J. Fauske (7A), Even K. Leikanger (7A), Brage S. Lending (7B), Ariel M. Dåvøy (7B), Hilde S. Strandos (elevrådskontakt) og observatørarar frå 3. og 4. trinn: Olav (3A), Kasper (3B), Ronja (4A) og Oskar (4B).

SAKSLISTE

Sak 1: Lekser

- 5A: Vil ikkje ha meir lekser enn det som er no, ynskjer vekelekser. Men om ein ikkje får det, kan ein ha fokus på eitt fag i veka.
- 5B: Vi vil ha mindre lekser og all lekse skal vere vekelekser.
- 6A: Har ikkje drøfta saka om lekser i klassen.
- 6B: Har ikkje drøfta saka om lekser i klassen.
- 7A: Arbeidsplan fungerer sånn som den er – ynskjer ikkje tilbake til vekelekser. Står ingenting i læreplanen om at ein skal ha lekser.
- 7B: Har ikkje fått drøfta det i klassen.

Konklusjon sak 1, lekser:

Elevrådet konkluderer einstemmig om at elevane og lærarane på kvart trinn saman må finne løysingar som passar for sin klasse. Det er likevel ei klar oppmoding frå elevrådet til lærarane om at ingen av klassane ynskjer meir lekser, samt at lekser må vere kjent stoff (repetisjon).

Sak 2: Hallaktivitet i friminutt

- 7B: Har ikkje drøfta saka om hallaktivitet i klassen.
- 7A: Ynskjer å ha hallaktivitet igjen. Meiner at dei som ikkje følgjer reglane, heller ikkje får delta på aktiviteten.
- 6A: Har ikkje drøfta saka om hallaktivitet i klassen.
- 6B: Har kome med forslag om aktivitetar: hjørnefotball, basketball, tarzantikken, bulldog, brent ball, soppball. Klassen har ikkje drøfta noko rundt reglane.
- 5A: Veit dei har snakka om saka i klassen, men finn ikkje att notata. Klassen vart orientert om kva reglane var, og snakka om at det er forventa at ein fylgjer dei. Det må vere slik at dei som ikkje fylgjer reglane får konsekvensar – og at det ikkje skal gå utover alle.
- 5B: Har ikkje drøfta saka om hallaktivitet i klassen.

Hilde kjem med forslag om at ein kan kombinere hallaktivitet med trivselsleiarprogrammet som allereie har aktivitetar i friminutta. Elevrådet er einige i at det var ein god idé. Det er særleg aktuelt etter kvart som vêret blir kaldare og med meir nedbør utover hausten og vinteren. Spesielt om vinteren kan det vere fint med aktivitetar inne. Nokre av TL-aktivitetane er også betre å gjennomføre inne.

Konklusjon sak 2, hallaktivitet:

Elevrådet konkluderer einstemmig om at ein ynskjer å kombinere TL-aktivitet med hallaktivitet. Hilde tek ansvar for å drøfte dette vidare med Torbjørn som er ansvarleg for TL-programmet for å høyre om vi kan få dette til. Hilde må også snakke med ungdomsskulen, slik at ein fordelar dagar for hallaktivitet (ungdomsskulen startar opp med hallaktivitet etter haustferien).



Sak 3: Helseveka 2023

Idear og innspel frå klassane som elevrådsleiar Emily kan ta med seg i planleggingsmøte om Helseveka 2023:

- 5A: Ynskjer ein kamp mot lærarane i Helseveka, t.d. fotballkamp, ynskjer ein gymsal-dag/idrettsdag, ta med-dag, kosedag/pysjdag, komme på skulen med noko anna enn vanleg sekk.
- 5B: Har ikkje drøfta saka om helseveka i klassen.
- 6A: Har ikkje drøfta saka om helseveka i klassen.
- 6B: kanonball- eller fotballturnering, overnatting på skulen eller ein elevkveld, lære om ulike sjukdommar, utkleiding, ulike klassar får «utdelt» farge som til saman ugjer regnbogen
- 7A: kanonballturnering, 60m mot lærarane, bad hair-day, klassens dag, «bytte kjønn», felles lunsj, fjelltur, ake/ski, minecraft, klatresenteret, elevane er lærarar for ein dag, Sunnfjordparken, overnatting på skulen (i hallen), stor fotballturnering
- 7B: Har ikkje drøfta saka om helseveka i klassen. I møte støttar representantane frå 7B seg bak ideane om kanonballturnering og elevkveld.

Sak 4: Caps / hette i timane

Begge klassane på 6. trinn tok førre elevrådsmøte opp at dei ynskjer at det skal vere lov med caps/hette i timane, og at dei opplev ulik praksis frå ulike vaksne. Etter at klassane har drøfta saka, er dette argumenta for/mot:

For å kunne bruke caps/hette i timane:

- Kan dekke for dårleg hårdag / ein ser ikkje når nokon har klypt seg
- Ein er komfortabel / det er behageleg
- Konsentrerer seg betre (kan skjule forstyrringar i sidesynet)
- Lettare å la vere å henge seg på dei som er urolege
- Held varmen om ein frys på øyra
- Kan kommunisere sjølv om ein har hette/caps på seg

Mot å kunne bruke caps/hette i timane:

- Vi treng rett og slett ikkje å gå med caps/hette inne
- Det er ikkje alltid ein ser fjesa til kvarandre / ansikt blir skjult
- Mange som brukar snorene til å snurre att slik at ein ikkje ser ansiktet
- Forstyrrar timen
- Dårlig folkeskikk
- Ein melder seg ut
- Forvirrande – ein ser ikkje kven som er kven
- Uhygienisk

Under punkt 7: reglar for god åtferd i ordensreglementet til Sunnfjord kommune, står det ei punktliste med oppførsel som ikkje skal akseptast. I denne lista, står det at det ikkje er akseptert å *bruke plagg som heilt eller delvis dekker til ansiktet*. Elevrådet drøftar korleis ein i nokre tilfelle held seg innafor regelen sjølv med bruk av caps og hette, medan ein i andre tilfelle bryt regelen.

Konklusjon sak 4, caps/hette i timane:

Sidan dette er ei sak som også omfattar punkt i ordensreglementet, ynskjer elevrådet å løfte saka vidare til rektor Gunn Marit. Hilde tek ansvar for å vidareformidle saka og argumenta til rektor.

Beste helsing

Nora Taule Leikanger
Referent

Emily Jensen Fauske
Elevrådsleiar 5-7

Hilde Sognnæs Strandos
Elevrådskontakt 5-7